

Årsmelding 2022

Styrets samansetning

Leiar: Joachim Bjørge

Styremedlemmer: Tahani Siddik Berge, Anita Haugstad Haugsjå, Mari Innerdal, Jorunn Kverndalen Frich, Ingrid Innerdal og Joachim Bjørge. Dagleg leiar Hølje Haugsjå møter fast på styremøta.

Styremøte

Det er avhalde 4 styremøte i 2022. Alle styremøte og årsmøtet i 2022 vart gjennomførte som videokonferanse på plattformen Whereby.com.

Verksemdas art og kor ho blir driven

NorSahel er ein ikkje-statleg, non-profit og uavhengig organisasjon som er registrert i Norge og Mali. NorSahel arbeider for å kanalisere langsiktig og berekraftig bistand til Mali. Organisasjonen har si operative verksemd i Mali og har, i tillegg til fleire samarbeidspartnarar, eit kontor med ein stadleg representant i landet.

Organisasjonens føremål

NorSahel vil arbeide for å gje hjelp til å betre levekåra til menneske i Mali, spesielt til rurale område, med fokus på born og kvinner. Alle aktivitetane skal vere tydeleg forankra i lokalt og nasjonalt eigarskap for å sikre berekraft.

Samarbeidspartnarar og prosjektstøtte

NorSahel avslutta på slutten av 2020 det mangeårige samarbeidet med Kavlifondet, som hadde støtta NorSahel i over 6 år med nærare 10 millionar kroner til nyfødte prosjekt i Mali. Korona-pandemien gjorde at Kavlifondet trakk seg ut av samarbeidet litt tidlegare enn planlagt, då dei hadde forutsett å støtte NorSahel med eit nytt prosjekt i 2021.

NorSahel fekk i november 2021 eit forskingsprosjekt frå Laerdal Foundation. Dette var fyrste gongen at NorSahel får eit direkte forskingsprosjekt og det seier noko om NorSahel sitt nettverk og referansegruppa (tidligere ekspertgruppe) sin kompetanse. Prosjektet heng saman med samarbeidet vi har i Mali med Unicef og Amaped.

Forskinga saman med HBB App prosjektet til NorSahel er eit innovativt prosjekt som vi håpar blir vidareført. I heile 2022 har lege Marthe Eielsen vore tilsett gjennom NorSahel til å arbeide med forskning under dette prosjektet.

I 2020 blei eit større program gjeven til Mali gjennom GFF (Global Financing Facility for Women, Children and Adolescents). Store delar av dette programmet er blitt finansiert av Laerdal Global Health. Vidare har også Norad vore med i finansiering av programmet. Programmet skulle forvaltast av AMAPED (den maliske fødselslegeforening) og Unicef. Blant viktige føresetnader for at dette programmet, på over 6 mill Euro, blei gjeven til Mali var at NorSahel skulle vere ein del av prosjektgjennomføringa.

Sidan november 2021 har NorSahel og Amaped oppretta ei forskingsgruppe. Denne forskingsgruppa er leia av prof. Ola D. Saugstad. I 2022 har gruppa hatt ein del kommunikasjon og arbeid saman. Meir om resultatet av dette under.

I både 2020 og 2021 bruka NorSahel mykje tid og ressursar på å utforme omfattande søknader til Norad i håp om endeleg å kunne motta offentleg støtte. Her vil vi spesielt nemne arbeidet med å utforme ein heilhetleg administrativ manual for arbeidet i Mali. NorSahel fekk avslag på søknadene, trass i at den siste søknaden var mykje oppdatert på dei punkt som vi hadde fått tilbakemelding frå Norad om året før (2020). Styret og kompetansegruppa var heilt samstemte i at det måtte sendast klage, og i 2022 fekk vi hjelp av ein ekspert med

dette. Ein advokat med ekspertise i forvaltning skreiv klaga. Ho støtta den også sjølv. Hennar råd tyder på at styret og kompetansegruppa ikkje utan grunn har klaga på vedtaket, som på fleire måtar framgår merkeleg for styret. Diverre fekk NorSahel i juni 2022 endeleg svar på at klaga var avvist av Utanriksdepartementet. Ein viktig og oppmuntrande sak vi fekk innblikk i via klaga var at Ambassaden i Bamako tydeleg støtta søknaden. Andre samarbeidspartnere som har satt seg inn i søknadene stiller seg kritisk til avslaget. Vi har til og med fått tilbakemeldingar frå personar i Norad på at søknaden virker sterk. Vi tek med oss desse mange positive tilbakemeldingane. Etter denne lange og krevjande prosessen har styret bestemt at NorSahel skal satse vidare på forskingsprosjektet og forskingssamarbeidet i Mali, og gjennom samarbeid med Unicef, Amaped og Laerdal Global Health fortsetje som ein partner for nyfødt helse. I tillegg skal vi styrke og byggje vidare på sykkelprosjektet.

Aktivitet

Spesielle eventar (arrangement) i 2022

NorSahel har i 2022 ikkje hatt nokon eigne fysiske arrangement, men har deltatt som gjest i fleire samanhengar for å informere om prosjektet i Mali. Vi kan her nemne: 70-årsdag til Astrid Eidem Nordal, Dagsverkinnsamling Nissedal ungdomsskule og Nissedal sokneråd.

Juleinnsamlinga 2022

Hølje Haugsjå, Anita H. Haugsjå, Tahani Siddik Berge og Joachim Bjørge vart oppnemnt av styret til å organisere juleinnsamlinga 2022. Denne gruppa arbeidde godt saman og iverksette fleire gode tiltak for å samle inn pengar til prosjekta i Mali. Joachim, med assistanse frå Tahani, var den programmeringsansvarlege. Med utgangspunkt i det han har laga frå før satte han opp eit profitt system for å gi julegaver til Mali digitalt. Det vart bestemt at årets aksjon igjen skulle gå til skulesyklar til Mali. I år vart det også satsa inn mot bedrifter og Anita tok på seg oppgåva med dette. I alt kom det inn ca. 12 500 kroner frå ulike bedrifter. I alt kom det inn 68 312 NOK (inkl. bedriftsgåver) på juleinnsamlinga, noko som er ny rekord.

Informasjonsarbeidet

Styremedlem Tahani S. Berge er framleis informasjonsansvarleg for NorSahel. Tahani har, til liks med andre i styret og administrasjonen, lagt ned mykje frivillig innsats med informasjonsarbeid. NorSahel har i 2022 ikkje engasjert eksterne for å gjennomføre informasjon og innsamlingsarbeid. Til tross for dette ser styret at gåveinntektene har auka. Innsamlingsprosenten er på 95 %. Mykje av grunnen til at gåveinntektene har halde seg er at NorSahel har ei stamme av faste giverar. Utfordringa for styret blir framover å sikre enno fleire giverar og faste giverar.

Prosjekta i Mali

Innleiing:

NorSahel har gjennom heile 2022 halde oppe kontoret i Bamako og lønna stadleg representant. Kontoret i Bamako er viktig på fleire måtar, mellom anna inn mot det faglege og forskingsmessige samarbeidet med AMAPED og Unicef. I tillegg er kontoret og stadleg representant viktig i forskingsprosjektet som NorSahel har starta opp i samarbeid med Laerdal. Til slutt har det vore avgjerande for aktiviteten i sykkelprosjektet at kontoret har vore operativt. Stadleg representant har i periodar vore i utlandet i 2022, dette har ikkje vore ideelt for NorSahel i Mali. Ettersom stadleg representant både er veldig dyktig og at han ynskjer å fortsetje med arbeidet, har vi i periodar funne midlertidige løysingar. Vi håpar at stadleg representant kjem tilbake til Mali i 2023 og kan ha meir varig opphald på kontoret.

Sikkerheitssituasjonen i Mali og NorSahel

Den politiske og sikkerhetsmessige situasjonen i Mali har vorte meir krevjande gjennom 2022. Terrorfaren har også nærma seg Bamako. I sum kan vi seie at situasjonen i Mali for tida tilseier at feltbesøk frå NorSahel i Noreg til Mali ikkje er å anbefale. Det vil difor vere klokt å legge opp til den same strategien som NorSahel

nytta mellom 2015 og 2017, nemleg å arrangere eventuelle fysiske møter med prosjektpersonell og partnerar i Dakar, Senegal. Dette har NorSahel gode erfaringar med og kan organisere dette på ein god måte.

Forsking og forskingssamarbeid i Mali

NorSahel har to aktivitetar i Mali knytta til forsking på nyfødt helse. Vi har eit eige forskingsprosjekt der lege Marthe Eielsen forskar på nyfødt helse og HBB APP. Her samarbeider ho og NorSahel med legar i Mali. Ola Didrik Saugstad er veileder for dette prosjektet, som er støtta av Laerdal Foundation.

Det andre engasjementet NorSahel har er som koordinator av ei forskargruppe bestående av 8 legar frå Amaped og forskarar frå Noreg. Professor em. Saugstad er leiar i denne gruppa. I 2022 har Amaped kome opp med to forskingsprotokollar i Mali og Ola D. Saugstad har kommentert og kome med innspel til protokollane. Det har ikkje vore mogleg å få til eit fysisk møte i forskingsgruppa i 2022, mykje grunna sikkerheten i Mali. Målet er å få til eit seminar/møte i Dakar våren/sommaren 2023, der Amaped og Unicef kjem over frå Mali og NorSahel og referansegruppa med eventuelle andre reiser ned. Planlegginga er godt i gang. NorSahel har tidlegare (mellom 2016 og 2018) organisert ikkje mindre enn 4 seminar i Dakar med maliske og internasjonale legar, med støtte frå Kavlifondet og Laerdal Foundation. Desse seminarane var vellukka og blei flytta til Dakar nettopp grunna sikkerhetssituasjonen i Mali. Vi og Amaped arbeider no på kvar vår kant med å sikre finansiering av dette seminaret og møtet i forskergruppa. Vi trur møtet kan bli veldig viktig i det vidare samarbeidet og vi trur det vil hjelpe forskinga på nyfødte i Mali.

Sykkelprosjektet for jenter på ungdomskular:

Dette prosjektet blir drive av private innsamla midlar. Hovudmålet er å få fleire jenter til å fullføre ungdomskulen.

I 2022 blei det gjeven i alt 85 sykklar til 6 ulike ungdomskular, to av desse var nye for NorSahel. Desse to nye ungdomskulane ligg i to andre kommunar og dei har blitt godkjente og har underskrive regelverket. Dette prosjektet arbeider berre ved ungdomskular og har fokus på jenters utdanning.

NorSahel har sidan 2014 delt ut over 800 skulesyklar. Til saman 8 ungdomskular i 4 ulike kommunar er med i prosjektet. Stadig fleire ungdomskular i eit større området søker om å verte med i prosjektet og NorSahel kunne lett utvida til fleire ungdomskular, men manglar midlar til dette. Regelverket har sett seg og er etter kvart godt kjent, og er nok nøkkelen til at dette prosjektet gir gode resultat.

Resultatet frå prosjektet er blitt publisert på Facebook. Resultatet og den vedvarande gode samarbeidsviljen hos ungdomskulane gjer at NorSahel ynskjer å trappe opp arbeidet med å skaffe fleire skulesyklar til primært jenter. Og for første gong er dette prosjektet blitt finansiert av utelukkande øyremerka gåver.

Fortsatt drift

Føresetnad om fortsett drift er til stades, og rekneskapen for 2022 er satt opp under denne føresetnaden.

Årsrekneskapen for 2022

Årsrekneskapen for 2022 viser ei omsetting på 353 170 NOK. Dette er ein liten oppgang frå 2021. Dette skuldast både litt meir prosjektpengar og høgare gåveinntekter. NorSahel har hatt 27% auke i gåveinntektene samanlikna med 2021. Utgiftene er til saman på 317 904 NOK som gir eit overskot på 35 266 NOK. Dette overskotet vil bli overført til neste år og nytta i sykkelprosjektet. Eigenkapitalen til NorSahel er sterk, no på over 400 000 NOK.

Kostnader til aktivitetar som oppfyller formålet var i 2022 på 243 708 NOK. Kostnader til innsamling av midlar var på 12 520 NOK, noko som gir ein innsamlingsprosent på 95%. Det meste av arbeidet med å samle inn midlar har skjedd på frivillig basis og i tillegg har det skjedd digitalt.

61 676 NOK av utgiftene blei nytta til administrasjon, ca. 19 % (15% i 2021). Styret legg vekt på at administrasjonen til NorSahel skal ha høg kvalitet og samstundes sikre flest mogleg midlar til arbeidet i Mali.

Likestilling

5 av 7 medlemmer av styret er kvinner. I tillegg driv organisasjonen kvinneretta prosjekt i Mali, både via sykkelprosjektet, som er spesielt retta mot jenter, og ved at nyfødt-prosjektet arbeider på fleire jordmor-/sjukepleiarskular. Organisasjonen har satt eit spesielt fokus på utdanning av jenter i Mali.

Resultatdisponering

Overskotet i år vil kanaliseras inn i sykkelprosjektet i Mali.

Treungen/Oslo/Skien/Trondheim/Molde/Kristiansand
25.04.2023

Joachim Bjørge, styreleiar

Anita Haugstad Haugsjå

Mari Innerdal

Jorunn Kverndalen Frich

Joachim Bjørge

Tahani Siddik Berge

Hølje Haugsjå, dagleg leiar

Ingrid Innerdal